



Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 29.11.2017
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09.30 – 13:25

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 22.11.17 og møtet var kunngjort i pressa 14.11.17.

Ved opprop var 7 medlemmer til stades, møtande varafolk medrekna.

Formannskapet hadde pause frå kl. 10:20 - 10:30, frå kl. 11.50 - 12:15. og frå kl. 13:00 - 13:05.

Det vart halde gruppemøte frå kl. 12:15 - 12:45.

Kommuneplanleggar Kristin Nåmdal gav ei løypemelding om rullering av kommuneplan sin arealdel.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Sigmund Larsen	FrP

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Martin W. Kulild, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, sektorsjef teknisk Anny Bastesen, tenesteområdeleiar kultur Eirik Utne og økonomisjef Per Inge Olsen. Kommuneplanleggar Kristin Nåmdal møtte til sak 143.

Protokollførar: Randi Hilland

4. desember 2017

Øyvind H. Oddekalv
ordførar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
127/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
128/2017	Godkjenning av møtebok
129/2017	Referatsaker
130/2017	Aktuelle saker
131/2017	Orientering av rådmannen
132/2017	Orientering om status Alver kommune
133/2017	Økonomisk rapportering oktober 2017 - drift og investering
134/2017	Budsjettendring 4. kvartal 2017 - drift og investering
135/2017	Feie- og tilsynsgebyr 2018
136/2017	Renovasjonsgebyr 2018
137/2017	Slamgebyr 2018
138/2017	Vass- og avlaupsavgifter 2018
139/2017	Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2018 (plan- og bygningslov, matrikkellov, eigarseksjonslov, ureiningslov, jordlov mm)
140/2017	Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021
141/2017	Utviding av Meland kyrkjegard
142/2017	Biosfæreprosjektet
143/2017	Oppstart av områderegulering med planprogram for Langelandskogen og Lonena

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/2907

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
127/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

Formannskapet - 127/2017

FS - behandling:

FS - samrøystes vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/2907

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
128/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017

Godkjenning av møtebok frå møte 15.11.17

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 15.11.2017

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Møtebok frå møte 15.11.17 vert godkjent."

Formannskapet - 128/2017

FS - behandling:

FS - samrøystes vedtak:

"Møtebok frå møte 15.11.17 vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/2907

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
129/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
129/2017.1	Anmodning om bosetting i region Vest 2018- Meland kommune

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Meldingane vert tekne til orientering."

Formannskapet - 129/2017

FS - behandling:

Skriv nr. 1 vart referert.

Marit Jøssang ønskte at det vart signalisert at Meland kommune kan ta imot fleire flyktningar enn 20.

FS - samrøystes vedtak:

"Meldinga vert teken til orientering."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/2907

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
130/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

Formannskapet - 130/2017

FS - behandling:

Følgjande saker vart tekne opp:

- Stortinget har vedteke Nordhordlandspakken. Viktig at Meland kommune er representert i kontaktutvalet.
Må ha ein kritisk gjennomgang av prosjekta. Bør invitere prosjektleiar for Nordhordlandspakken til kommunestyret for å få ei orientering.

Framlegg til vedtak i møte:

Formannskapet ser det som heilt naturleg at Meland kommune v/ordførar er representert i Kontaktutvalet for Nordhordlandspakken.

Avrøysting:

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - samrøystes vedtak:

Formannskapet ser det som heilt naturleg at Meland kommune v/ordførar er representert i Kontaktutvalet for Nordhordlandspakken.

Orienteringane vert tekne til vitande.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/2907

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
131/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017

Orientering av rådmannen

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

Formannskapet - 131/2017

FS - behandling:

Det vart orientert om følgjande:

- Delar av gang- og sykkelstien over Flatøy er snevra inn for å utvida vegbreidda for å gi sikre plass til utrykningskøyretøy.
- Det er sendt felles søknad frå Lindås og Meland til Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune om midlar til forprosjekt for utgreiing av gang- og sykkelsti over Hagelsundbrua.
- Skal undersøke om det er mogeleg å søkje midlar for liknande tiltak over Krossnessund bru.
- Overodrna mål: Ønskje om god sykkelsti mellom Frekhaug og Knarvik.
- Rådmannen deltek i vekentlege leiarmøte i Alver kommune.
- Det vert engasjert ekstern bistand til rekruttering av ny toppleiargrupp til Alver kommune. Viktig med ein god prosess.

FS - samrøystes vedtak:

"Orienteringane vert tekne til vitande."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/2907

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
132/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017

Orientering om status Alver kommune

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

Formannskapet - 132/2017

FS - behandling:

- Ordførar orienterte om følgjande:

Møte i Fellesnemnda førsk. mandag. Møte i partsamansett utval i går, tirsdag 28.11.

Saker som skal handsamast er m.a.

- styringsdokument Alver kommune
 - omstillingsavtale
 - budsjett i prosjektperioden 2017-2020
 - mandat (identitet/symbol/felles kultur, arbeidsgjevarpolitikk og kommunikasjon)
 - prosjekt digitalisering
 - samanslåing av barnevern august 2018
 - tilsette trainee
 - Ønskje om å knytt til oss lærling i kontorlag
- Vil ta opp sak om kommunane skal ha ein observatørrolle i Vest brann og redning.

FS - samrøystes vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	17/2932

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
133/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017

Økonomisk rapportering oktober 2017 - drift og investering

Vedlegg:

01 - Driftsrapport per 31.10.2017

02 - Investeringsrapport per 31.10.2017

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vedlagt er rapport per 31.10.2017 for drift og investering rekneskapen.

Drift

Driftsrapporten viser at vi få auke i skatteinntekter for 2017 med kr 5,0 mill. Vi ventar meirforbruk på Sagstad skule, Meland Sjukeheim og i heimetenestene med til saman 6,6 mill. I rapporten per september varsla vi mogeleg meirforbruk på desse områda, men storleiken vart ikkje spesifisert. Etter meir detaljert arbeid med prognosar for utgifter og inntekter for året under eitt kan tenestekområda nå fastslå med større sikkerhet kva dei reknar med å ende ut med. Forventa innsparing på til saman kr 0,45 mill. på PPT og kulturkontoret gjer at vi netto reknar med ei forverring av driftsresultatet med kr 1,15 mill. for 2017. Vi vil med det bruke kr 7,7 mill. av disposisjonsfondet til drifta i 2017.

I samband med presentasjonen av rådmannen sinn budsjettframlegg for 2018 for formannskapet ble det opplyst at vi for 2017 i tillegg til budsjettet rammetilskot fekk regionsentertilskot på kr 693.000,-. Det er bestemt at dette skal overførast til kommunesamanslåingsprosjektet, og er difor ikkje disponibelt til intern drift i Meland kommune.

Sjå vedlagte driftsrapport for ytterlegare kommentarar til dei ovannemnde postane.

Budsjettendringar for å dekke inn meirforbruket vert fremja i eigen sak.

Investering

Investeringsrapporten viser at vi får forventa meirforbruk på Grasdalen-prosjektet med kr 1,75 mill. inkl. mva, men mindreforbruk på Sagstad prosjektet med kr 2,3 mill. slik at vi netto kommer ut med kr 0,55 mill. i innsparing for 2017 på desse prosjekta. Det vert gjort framlegg i eige sak om overføring av midlar frå Sagstad til Grasdalen-prosjektet. Vi har elles gjort ei grundig vurdering av status på alle prosjekt, som inneber ein betydeleg reduksjon av investeringsbudsjettet for 2017.

Dette skuldast 3 forhold:

1. Prosjekta er forseinka i forhold til planlagt, og må skyvast fram i tid. Prosjekta er ikkje inkludert i budsjettet for 2018, men vil verte fremja som budsjettendring i februar 2018. Lånemidlar budsjetttert i 2017 med kr 7,55 mill. vert foreslått overført til 2018.
2. Prosjekt som er forseinka eller utsett av andre årsaker, men som er inkludert i rådmannen sitt budsjettframlegg for 2018. Desse vert teke ut av budsjettet for 2017 utan behov for å komme tilbake med ny budsjettering i 2018.
3. Prosjekt som går ut eller vert skyve meir ut i tid. Desse vert teke ut av budsjettet for 2017 utan dei vert foreslått på nytt seinare.

Vi har nokre få andre prosjekt med forventta meirforbruk, der det vert gjort framlegg om auke i budsjetttrammene.

Desse er:	Budsjett	Auke	Nytt budsjett
580 - Skifte tak kyrkjestova:	250'	62,5'	312,5'
790 - Ny parkeringsplass hurtigbåtkai	2.500'	750'	3.250'
929 – Omsetning aksjar og andelar	900'	225'	1.125' (eigenkap. KLP)
603 – Vassleidning Fløksand-Beitingen	1.120'	800'	1.920'

I sum viser investeringsrapporten at det per 31.10.2017 er påløpt kr 108,5 mill. inkl. mva. Revidert budsjett er kr 194,8 mill. Prognosen viser totale investeringsutgifter i 2017 på kr 152,9 mill. Det vert fremja framlegg om reduksjon i investeringane på i alt kr 42,0 mill. i eigen sak.

Leige av brakker bokført i investeringsrekneskapen

Revisor har varsla kommunen om at vi ikkje kan bokføre kostnader til leige av brakkar i byggeperioden som del av investeringskostnadane på Grasdalen og Sagstad-prosjektet.

Vi har i investeringsrekneskapen bokført leigekostnader og tilhøyrande monteringsarbeid slik:

Leige av brakker bokført i investeringsrekneskapen			
Sagstad	2017	2016	Sum 2016+2017
Leige av brakker	1 653 600	590 997	2 244 597
Transport og montering	148 571	2 822 854	2 971 425
Elektroarbeid	163 759		163 759
Sum Sagstad	1 965 930	3 413 852	5 379 781
Grasdalen			
Leige av brakker	910 000	-	910 000
Sum Grasdalen	910 000	-	910 000
Totalsum	2 875 930	3 413 852	6 289 781

I utgangspunktet ser det ut til at vi må overføre det som er bokført i 2017 frå investeringsrekneskapen til driftsrekneskapen. Det som er bokført i 2016 kan vi korrigere med føring direkte mot kapitalkonto, og vil såleis ikkje belaste drifta. Konsekvensane av dette vert at vi vil auke meirforbruket i driftsrekneskapen med ytterlegare 2,9 mill., slik at underskot (bruk av disp.fond) for 2017 kan komme opp i kr 10,6 mill. Vi vil gjere nærare avklaringar med revisor om denne saka.

Konsekvensane av desse korreksjonane er ikkje inkludert i drifts- og investeringsrapportane vedlagt denne saka. Rådmannen vil kome tilbake med meir informasjon om dette.

Disposisjonsfondet

Etter budsjettendring og mulig korleksjon for leigekostnader som spesifisert over er status på disposisjonsfondet slik:

Disposisjonsfondet per 31.12.2016 (i årsrekneskapen):

Disposisjonsfond per 31.12.2016: kr 41,9 mill. (inkl. overskot i 2016)

Revidert budsjett (vedteke):

Bruk i driftsrekneskapen kr 6,55 mill.

Bruk i investeringsrekneskapen kr 4,6 mill.

Budsjettert disp.fond per 31.12.2017 kr 30,75 mill.

Framlegg til ny budsjettendring:

Drift – bruk ytterlegare kr 1,15 mill

Disp.fond per 31.12.2017 etter ny budsjettjustering: kr 29,6 mill.

Andre disponeringar:

Avsett til ny miljøarbeidarstilling skulemiljø 2018-19: kr 2,0 mill (ikkje inkl. i budsjett)

Evt. driftskostnad leige av modular skulane: kr 2,9 mill

Disp.fond til disposisjon: kr 24,7 mill

Framlegg til vedtak:

Budsjettrapport for oktober 2017 vert teken til vitande.

Formannskapet - 133/2017

FS - behandling:

Skriv - sum tenesteområde Private barnehagar vart delt ut i møtet.

FS - samrøystes vedtak:

Budsjettrapport for oktober 2017 vert teken til vitande.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	17/2934

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
134/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017
	Kommunestyret	PS	

Budsjettendring 4. kvartal 2017 - drift og investering

Vedlegg:

Budsjett investeringar 2017-framlegg endring nov 2017

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I sak til formannskapet om økonomisk rapportering for oktober 2017 er det laga følgjande prognose for budsjettåret 2017:

Netto drift per 31.10.2017	Rekn. Hiå.	Oppr. budsjett	Revidert budsjett	Progn. 2017	Progn. meirforbruk
Netto inntekter (Rammetilskot, skatt og andre finanspostar)	-353 954	-435 100	-434 600	-439 600	5 000
Sum netto utgifter alle tenesteområda	349 543	435 100	441 150	447 300	-6 150
Meir-/mindreforbruk (minus er mindreforbruk)	-4 411	-	6 550	7 700	-1 150

Kommunen sitt oppdaterte driftsbudsjett balanserer med kr 6.550.000,- i bruk av midlar frå disposisjonsfondet. Forventa netto meirforbruk i prognosen per oktober 2017 er på kr 1,15 mill. fordeler seg med kr 5,0 mill. i auke inntekter frå skatt og rammetilskot og auka driftsrammer til fordeling på tenesteområda med kr 6,15 mill. Sjå driftsrapport per oktober 2017 i eigen sak til formannskapet.

Investeringsrapporten per 31.10.2017 viser forventa meirforbruk på følgjande prosjekt:

	Budsjett	Auke	Nytt budsjett
580 - Skifte tak kyrkjestova:	250'	62,5'	312,5'
790 - Ny parkeringsplass hurtigbåtkai	2.500'	750'	3.250'
929 – Omsetning aksjar og andelar	900'	225'	1.125' (eigenkap. KLP)
603 – Vassleidning Fløksand-Beitingen	1.120'	800'	1.920'

På ei rad andre prosjekt må vi av ulike årsaker redusere budsjettet. For nærare informasjon viser rådmannen til vedlagte notat med framlegg til endring i investeringsbudsjettet spesifisert per prosjekt.

Oppsummering av framlegg til budsjettendringar for 2017:

Endringar i driftsbudsjettet:

1. Auke i netto skatteinntekter og skatteutjamning: kr 5.000.000,-
2. Auke i sum utgiftsramma til tenesteområda, delegert til rådmannen å fordele: kr 6.150.000
3. Auke i bruk av disposisjonsfond: kr 1.150.000,-

Endringar i investeringsbudsjettet:

1. Netto reduksjon på diverse prosjekt som i vedlagte notat kr 41.960.000,- (inkl. mva.)
2. Reduksjon i mva-refusjon kr 1.115.000,-
3. Auke i bruk av kapitalfond kr 225.000,-
4. Reduksjon i bruk av lånemidlar kr 41.070.000,-

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at det vert gjort endringar i budsjettet for 2017 slik:

Endringar i driftsbudsjettet:

1. Auke i netto skatteinntekter og skatteutjamning: kr 5.000.000,-
2. Auke i sum utgiftsramma til tenesteområda, delegert til rådmannen å fordele: kr 6.150.000
3. Auke i bruk av disposisjonsfond: kr 1.150.000,-

Endringar i investeringsbudsjettet:

1. Netto reduksjon på diverse prosjekt som i vedlagte notat kr 41.960.000,- (inkl. mva.)
2. Reduksjon i mva-refusjon kr 1.115.000,-
3. Auke i bruk av kapitalfond kr 225.000,-
4. Reduksjon i bruk av lånemidlar kr 41.070.000,-

Formannskapet - 134/2017

FS - behandling:

FS – samrøystes framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at det vert gjort endringar i budsjettet for 2017 slik:

Endringar i driftsbudsjettet:

1. Auke i netto skatteinntekter og skatteutjamning: kr 5.000.000,-
2. Auke i sum utgiftsramma til tenesteområda, delegert til rådmannen å fordele: kr 6.150.000
3. Auke i bruk av disposisjonsfond: kr 1.150.000,-

Endringar i investeringsbudsjettet:

1. Netto reduksjon på diverse prosjekt som i vedlagte notat kr 41.960.000,- (inkl. mva.)
2. Reduksjon i mva-refusjon kr 1.115.000,-
3. Auke i bruk av kapitalfond kr 225.000,-
4. Reduksjon i bruk av lånemidlar kr 41.070.000,-

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - M88	17/2798

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
135/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017
	Kommunestyret	PS	

Feie- og tilsynsgebyr 2018

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Feietenesta inngår i den felles brannordninga for Lindås og Meland. Avtalen er heimla i brann- og eksplosjonsvernlova § 9. Fastsetting og innkreving av feie- og tilsynsgebyr er unnateke avtalen med Lindås (jf sak KS-017/12, møte 08.02.2012). Meland må derfor fastsetje og krevje inn gebyret frå grunneigarane, og overføre summen til Lindås.

Summen som skal overførast går fram av Lindås sitt budsjett for feietenesta, der andelen for Meland er stipulert. Summen er auka med kr 292 000,- frå budsjett 2017 til budsjett 2018. Dette er ein større auke enn tidlegare; frå rekneskap 2016 til budsjett 2017 auka t.d. summen med kr 115 155,-.

Auken heng saman med ny forskrift om brannførebygging, gjeldande frå 1. januar 2016. Då vart kommunen si plikt til å feie og gjennomføre risikobasert tilsyn utvida til å gjelde for hytter / fritidsbustader også. Feietenesta har kartlagt alle hytter og fritidsbustader i begge kommunane, og alle einingane er no lagt inn i tilsynsregisteret. Sjølve feie- og tilsynstenesta for hytter / fritidsbustader er sett i gang i 2017, etter at kartleggingsarbeidet var ferdig. Ved siste termin i 2017 vart gebyret for hytter / fritidsbustader fakturert ut. Frå 2018 vil desse følgje dei ordinære rutineane for kommunale avgifter.

Tenesta følgjer sjølvkostprinsippet. Den nye ordninga medfører auka driftsutgifter for å ivareta feie- og tilsynsplikta. Tenesta er lik i Lindås og Meland, og innbyggjarane blir behandla likt. All saksbehandling av søknader om fritak mm blir behandla i Lindås.

Sidan ordninga med hytter og fritidsbustader er ny, har ikkje rådmannen nok erfaringsgrunnlag til å vurdere om avgiftsnivået bør hevast eller senkast, eller om det bør differensierast meir. Den administrative leiinga i dei to kommunane har kome fram til at avgiftsnivået bør vere stabilt i tre år, til ein får erfaring med tenestenivået og faktisk feie-/tilsynsbehov.

Meland får avrekning ved årsskiftet, i høve til faktisk aktivitet. Dersom kommunen sit igjen med eit overskot, vil det bli ført på fond og ført tilbake til innbyggjarane komande år. Innbyggjarane vil såleis ikkje måtta betale meir enn dei skal over tid. Pr i dag er det ikkje noko feie-fond, alt tidlegare overskot er betalt tilbake til innbyggjarane ved årleg justering av avgiftene.

Rådmannen rår til at avgiftsnivået blir halde på same nivå som i 2017. Det er avrekninga ved årsskiftet som avklarar om vurderinga er riktig eller ikkje, men det er sannsynleg at det samla kostnadsnivået vil jamne seg ut over åra fram til kommunesamanslåing i 2020. Eventuelt for mykje innbetalte avgifter i 2017 vil bli overført og jamne ut auka kostnader i 2018. Budsjettet legg derfor opp til noko underfakturering av avgiftene i 2018.

	2013	2014	2015	2016	2017	Budsj 2018
Tal piper bustader, stk	2353	2372	2397	2421	2436	2450
Tal piper hytter, stk					814	800
Endring frå året før, stk	+82	+19	+25	+24	+15 +814	0
Overføring til Lindås i alt	853 928,-	840 013,-	934 720,-	1 048 845,-	1 164 000,-	1 456 153,-
Adm.kostn. Meland	20 000,-	23 000,-	25 000,-	2 436,-	23 000,-	23 000,-
Innbetalte avgifter i alt	904 662,-	921 856,-	947 695,-	958 622	1 387 552,-	1 387 552,-
Gebyr pr pipe	385,-	385,-	390,-	390,-	420,-	420,-
Gebyr pr ekstra pipeløp	130,-	130,-	130,-	130,-	147,75	147,75-

Vurdering

Ved fastsetting av feie- og tilsynsavgifta for 2017 (jf sak KS-117/2016, møte 14.12.2016) ba kommunestyret om at delegasjonsavtalen og samarbeidsavtalen mellom Lindås og Meland vart vurdert endra, slik at innkreving av avgiftene også vart delegert til Lindås. Dette på bakgrunn av tidlegare års samrådsmøte i dei to kommunane. Det har vore fleire møte om dette mellom administrativ leing i dei to kommunane i 2017, men konklusjonen er at dette er det vanskeleg å få til no. Det skuldast i hovudsak at Lindås først må bygge ned sitt eige fond innan feietenesta. Det skal gjennomførast i 2018 og 2019. Meland må derfor framleis sende ut desse fakturaene, og dei administrative kostnadene til dette må dekkjast inn, fram til Alver kommune er etablert.

Ved å halde avgifta i ro er framlegg til feie- og tilsynsgebyr for 2018 tilnærma likt i dei tre kommunane som går inn i Alver frå 2020, med mindre Lindås startar ei større nedbygging av fondet sitt i 2018.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Ikkje relevant for denne saka

Økonomi: Framlegg til feie- og tilsynsgebyr tek utgangspunkt i at inntektene skal dekke det tenesta kostar, medrekna evt. fondsbruk.

Konklusjon

Feie- og tilsynsgebyret vert halde i ro på kr 420,- eks mva i 2018. Feiing av ekstra pipeløp blir halde i ro på kr 147,75 eks mva.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at feie- og tilsynsgebyret for 2018 er kr 420,- eks mva pr pipe og kr 147,75 eks mva pr ekstra pipeløp. Vedtaket er fatta med heimel i Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 28.»

Formannskapet - 135/2017**FS - behandling:****FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at feie- og tilsynsgebyret for 2018 er kr 420,- eks mva pr pipe og kr 147,75 eks mva pr ekstra pipeløp. Vedtaket er fatta med heimel i Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 28.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - M50	17/2800

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
136/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017
	Kommunestyret	PS	

Renovasjonsgebyr 2018

Vedlegg:

NGIR - vedtak i representantskapsmøte

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Styret i NGIR gjorde i møte 24.10.2017 vedtak om å rå til auke i renovasjonsgebyret for 2018 (normalabonnement). Representantskapet vedtok dei nye satsane samrøystes i møte 13.11.2017. Auken heng saman med behovet for å stabilisere situasjonen etter at RenoNorden gjekk konkurs.

Renovasjonsgebyret hadde ein mindre nedgang frå 2016 til 2017, etter siste anbodsrunder. Dersom tilbydar nr 2 hadde blitt valgt som ny renovatør, ville gebyret gått vesentleg opp frå 2016 til 2017. Innsamlingskostnadene isolert sett ville ha vore kr 815,- pr husstand i staden for RenoNorden sitt tilbud på kr 449,-.

NGIR har i tillegg rekna på skilnaden mellom tilbud nr 2 og innsamling i eigen regi, denne utgjer kr 52,- pr husstand. Etter konkursen, henter NGIR inntil vidare avfallet i eigen regi.

Styret og Representantskapet behandlar sak om eventuell vidare anbudsutsetting, men renovasjonsbudsjettet er inntil vidare sett opp i høve til kostnader med eigen drift i 2018. Gebyret skal dekke personalkostnader, behandling av avfallet utover innsamlingskostnadene, kapitalkostnader og andre faste kostnader knytt til mengden avfall frå hushaldningane, i tillegg til innsamlingskostnadene. Det medfører at renovasjonsgebyret (normalabonnement) må aukast frå 2 944,- i 2017 til 3 488,- i 2018. Auken utgjer kr 544,- (18,5 %).

Før siste anbodsrunder (dvs før RenoNorden overtok) tilsa prognosen at renovasjonsgebyret skulle vore kr 3 230,- i 2018. På grunn av utviklinga i avfallsmengden det siste året, m.a. med mindre næringsavfall og meir hushaldsavfall, må gebyret aukast noko meir for at tenesta igjen skal drivast i balanse.

Vurdering

NGIR handterer og administrerer renovasjonstenesta fullt og heilt, medrekna innkreving av gebyr. Det kjem såleis ikkje eit tillegg av kommunale administrative kostnader på dette gebyret. Tenesta blir drive etter sjølvkostprinsippet og går i balanse over tid.

Folkehelse: Ikkje relevant i denne saka

Miljø: Trygg behandling av alle typar avfall er framtidsretta og positivt for miljøet.

Økonomi: Satsane går fram av vedlegget. Meland har ingen kostnader eller arbeid med innkreving av dette gebyret.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret gjer vedtak om gebyrsatsar slik NGIR ber om og i tråd med Representantskapet sitt vedtak.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner renovasjonsgebyret for 2018 slik Representantskapet i NGIR har gjort vedtak om i møte 13.11.2017. Vedtaket er fatta med heimel i Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 34.»

Formannskapet - 136/2017

FS - behandling:

FS – samrøystes framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner renovasjonsgebyret for 2018 slik Representantskapet i NGIR har gjort vedtak om i møte 13.11.2017. Vedtaket er fatta med heimel i Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 34.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - M42	17/2799

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
137/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017
	Kommunestyret	PS	

Slamgebyr 2018

Vedlegg:

NGIR - vedtak i representantskapsmøte, slamgebyr

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Slamtømmeordninga blir utført av NGIR medan kommunane krev inn gebyret. Styret i NGIR gjorde i møte 24.10.2017 vedtak om å rå til at slamgebyret vert uendra frå 2017 til 2018.

Representantskapet vedtok satsane samrøystes i møte 13.11.2017.

Gebyrnivået var uendra også frå 2010 til 2015, for så å auke i 2016. Deretter kom ein mindre nedgang i 2017. I økonomiplanen for NGIR for perioden 2017 – 2020 går det fram at slamgebyret igjen kan haldast stabilt fram til 2021. Evt. underskot på drifta blir finansiert av utjammingsfondet. Ved utgangen av 2018 er det venta at det står kr 3,1 mill på fondet.

På denne bakgrunnen rår Representantskapet i NGIR til at gebyr for septikslam for privatpersonar blir halde uendra på kr 792,- i 2017. Hytter/fritidseigedomar betaler halvt gebyr. Slamavskiljarar for bustader blir tømte kvart 2. år medan slamavskiljarar for hytter blir tømte kvart 4. år.

For at slamordninga skal vere sjølvfinansiert, må slamgebyret også dekke dei administrative kostnadene som Meland har med innkreving av gebyret. Tidlegare fond (for mykje innbetalte avgifter) er bygd ned gjennom lågare gebyrsatsar i perioden 2013 – 2016. Ved inngangen til 2017 stod det att kr 14 573,- på fondet. Dette vil bli brukt for å dekke dei administrative kostnadene i 2017.

Talet på abonnentar vil truleg enten halde seg stabilt eller gå ned. I budsjettframlegget legg rådmannen til grunn at nivået er stabilt. I 2017 er det gjort eit større arbeid med slamtømming og rådmannen reknar med at kostnadene til NGIR blir lågare i 2018. Det medfører at gebyret bør kunna haldast i ro, og likevel dekke både dei administrative kostnadene i Meland og NGIR sine utgifter.

	2013	2014	2015	2016	2017	Budsj 2018
Tal bustadeigedomar	978	975	961	957	954	954
Endring frå året før	-3	-3	-14	-4	-3	0
Tal fritidseigedomar	190	200	198	205	210	210
Endring frå året før	+10	+10	-2	+7	+5	0
Overføring til NGIR	800 971,-	799 069,-	803 398,-	894 514,-	839 520,-	827 000,-
Adm.kostn. Meland	43 000,-	23 000,-	24 260,-	4 983,-	13 086,-	13 000,-
Innbetalte avgifter i alt	794 861,-	699 256,-	534 556,-	818 443,-	838 033,-	840 000,-
Gebyr pr bustadeigedom	750,-	650,-	500,-	775,-	792,-	792,-
Gebyr pr fritidseigedom	375,-	325,-	250,-	387,-	396,-	396,-

Vurdering

Rådmannen rår til at slamgebyret følgjer tilrådinga frå NGIR framover. Utgifter og inntekter er basert på anslag medan den faktiske aktiviteten til slutt avgjer utgifts- og inntektsnivået. Dersom kommunen sit igjen med eit overskot, vil det bli ført på fond og ført tilbake til innbyggjarane komande år.

Radøy og Lindås har høgare satsar. Dersom Meland skal legge seg på same nivå, må avgifta aukast til om lag 1000,- kr eks mva. Dei administrative kostnadene vil i så fall få betre dekningsgrad enn det har vore tradisjon for dei siste åra.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Slammtømmeordninga for hytter og hushald skal motverke ureining av sjø og grunn i område der det ikkje er kommunale avlaupsanlegg.

Økonomi: Budsjettet er sett opp ut frå at området skal gå i balanse.

Konklusjon

Rådmanne rår til at kommunestyret gjer vedtak om gebyrsatsar slik NGIR ber om og i tråd med Representantskapet sitt tilråding.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at slamgebyret for 2018 vert fastsett i tråd med satsande som NGIR rår til og som Representantskapet har gjort vedtak om i møte 13.11.2017. Vedtaket er fatta med heimel i Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 34.»

Formannskapet - 137/2017

FS - behandling:

FS – samrøystes framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at slamgebyret for 2018 vert fastsett i tråd med satsande som NGIR rår til og som Representantskapet har gjort vedtak om i møte 13.11.2017. Vedtaket er fatta med heimel i Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) § 34.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - M30, FE - 231	17/2797

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
138/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017
	Kommunestyret	PS	

Vass- og avlaupsavgifter 2018

Vedlegg:

Forslag GEBYRREGULATIV VATN OG AVLAUP 2018

Gebyrprofil vatn

Gebyrprofil avlaup

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gebyrutrekning er heimla i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 16.03.2012, og Forskrift om begrensning av forurensning av 01.06.2004. Den lokale forskrifta, som heimlar Meland sine gebyr, vart sist revidert av kommunestyret i møte 17.12.2014. I tillegg gjeld leveringsvilkår for Drikkevatt og Avlaupstenester.

Utrekningsgrunnlaget for årsavgiftene er summen av driftsutgifter, avskrivningar av anlegga og kalkulatoriske renter på investeringane. I tiltaksplanen for vatn og avlaup blir investeringsplanen analysert, og tiltaka blir fastsett gjennom årlege vedtak i økonomiplan og investeringsbudsjett.

Tiltaka er prioritert med målsetting om å sikre alle innbyggjarane i Meland ei stabil og trygg vassforsyning, og hindre ureining frå avlaup. Dei siste åra har nordre delen av kommunen fått nytt og oppgradert vassforsyningsnett og dei gamle vasskjeldene er fasa ut. Det gjenstår ein trasé frå Holmeknappen til Tveit, både for vatn og avlaup; denne ligg inne i investeringsplanen. Vidare er sanering av Roslandspollen prioritert.

Det største tiltaket i 2017 har elles vore sanering av VA-anlegga i Grønlandsområdet på Frekhaug.

I 2018 startar utbygging av fullverdig vassbehandlingsanlegg på Hestdal for fullt. Investeringsplanen omfattar sjølvvassbehandlingsanlegget og nye hovudvassleidningar ut frå vassverket. Det er no eit stort behov for å oppgradere dimensjonane på overføringsleidningane frå Meland Vassverk til Frekhaugområdet; deler av det eksisterande nettet vart bygd ut så langt tilbake som i 1975. Framdrifta er tilpassa Nordhordlandspakken, noko som gjev store samdriftsfordelar.

Vatn- og avlaupsområdet skal behandlast etter sjølvkost-prisippet, og kostnadsbiletet må reknast ut så korrekt som mogeleg. I perioden 2010 – 2014 vart inntektene likevel vesentleg høgare enn ugriftene, og det bygde seg opp fond på begge avgiftsområda. Dette skjedde i hovudsak fordi rentenivået var lågare enn venta, nokre investeringar vart skubba fram i tid og driftsnivået vart ikkje heva slik tiltaksplanane tilrådde. For å imøtegå tendensen med veksande fond har årsavgiftene delvis stått i ro og delvis vore sett ned sidan 2011, fram til 2016. Fonda er redusert og innbyggjarane har fått tilbake det dei har betalt for mykje.

Rådmannen rår til at bruken av genståande fondsmidlar blir fordlet over dei neste åra slik at dei er brukt opp før 2020. Det vil sikre ei utjamning av avgiftsnivået dei neste åra, med relativt moderat vekst. Det inneber ein auke i fondet for vatn 2018, før det blir bygd ned, for å jamne ut verknaden av nytt vassrensaneanlegg på Hestdal.

Sjølvkostmodellen som kommunen nyttar syner med dette ei balansert utvikling av investerings-, drifts- og avgiftsnivået framover.

Utvikling i gebyret 2013 – 2017 og anslag for 2018, vatn:

	2013	2014	2015	2016	2017	Budsj 2018
Vassfond pr 1/1		4 489 813	3 585 703	2 150 142	1 671 937	1 101 325
Bruk av fond		904 110	1 155 326	478 205	570 612	+592 721
Tal normalabonementar	2692	2803	2862	2995	3059	3109
Endring frå året før	+128	+111	+59	+133	+64	+50
Innbetalte avgifter i alt	13 619'	12 971'	11 480'	12 248'	13 797'	14 967'
Årsavgift vatn, normalab.	4 241,-	4 114,-	3 290,-	3 594,-	3 864,-	4 170,-
Endring frå året før	0	-3 %	-20 %	+9,2 %	+7,5 %	+7,9 %

Utvikling i gebyret 2013 – 2017 og anslag for 2018, avlaup:

	2013	2014	2015	2016	2017	Budsj 2018
Avlaupsfond pr 1/1		6 392 706	4 304 461	2 978 423	2 841 879	2 525 059
Bruk av fond		2 423 724	1 326 038	136 544	316 820	1 197 527
Tal normalabonementar	1475	1545	1647	1762	1805	1845
Endring frå året før	+91	+70	+102	+115	+43	+40
Innbetalte avgifter i alt	5 755'	4 147'	5 281'	5 952'	6 722'	6 937'
Årsavgift avlaup, normalab.	3 263,-	2 349,-	1 980,-	2 958,-	3 063,-	3 063,-
Endring frå året før	0	-28 %	-15,7 %	+49,4 %	+3,5 %	0

Vurdering

Avgiftsnivået vil framleis vere lågare i 2018 enn det var i 2013, med den profilen som er foreslått. Samla avgiftsauke for vatn og avlaup er på 4,8 % (kr 332,-) frå 2017 til 2018. Dvs endring frå 6 927,- til 7 259,-. Sett i høve til arbeidet som må gjerast for å oppgradere drikkevassforsyninga, meiner rådmannen at dette er eit akseptabelt nivå. Det er søkt å unngå store svingingar i satsane frå eitt år til neste.

I høve til Lindås og Radøy ligg Meland noko høgare enn dei andre kommunane når tala for 2017 blir samanlikna (gjeld normalabonnement, bustad 90-300m², prisar utan mva):

	Årsavgift vatn 2017	Årsavgift avlaup 2017	Sum 2017	Tilknytningavgift 2017
Radøy	3 136,-	3 166,-	6 302,-	14 700,-/15 900,-
Lindås	2 975,-	3 623,-	6 598,-	10 386,-/12 660,-
Meland	3 864,-	3 063,-	6 927,-	20 000,-

Både Lindås og Radøy informerer om investeringsplanar framover. På grunn av behov for å bygge ned større fond i begge kommunane har ikkje administrasjonane der gjort framlegg om vesentleg avgiftsauke i 2018. Meland tok størstedelen av fondsnedbygging i 2014 og 2015. Frå 2020 må avgiftene samordnast, og framtidige investeringar planleggjast på nytt.

Folkehelse: Trygg vassforsyning til alle innbyggjarane i kommunen

Miljø: Tiltak innafor avlaupsområdet hindrar ureining

Økonomi: Budsjettet er sett op for at vatn- og avlaupsområdet skal gå i balanse.

Konklusjon

Når Meland går inn i Alver kommune frå 2020, er det lagt opp til at resten av fonda skal vere brukt opp, samstundes som vassforsyninga er trygg og stabil og avlaupstilhøva er uproblematiske. Gebyrprofilen er laga for å unngå store svingingar i avgiftsnivået fram til 2020. Når det nye vassbehandlingsanlegget er bygd og hovudleidningane inn mot utbyggingsområda er lagt, er kommunen godt skodd for framtida.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn blir auka frå kr 3 864,- til kr 4 170,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Jf framlegg til gebyrregulativ for 2018.

Årsavgifta for avlaup blir uendra, kr 3 063,- eks mva for normalabonnement.

Tilknytingsavgifta blir uendra kr 20 000,- eks mva for kvar tilknytning.»

Formannskapet - 138/2017

FS - behandling:

FS – samrøystes framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn blir auka frå kr 3 864,- til kr 4 170,-eks mva for normalabonnement, med tilsvarande prosentvis endring for andre abonnementstypar. Jf framlegg til gebyrregulativ for 2018.

Årsavgifta for avlaup blir uendra, kr 3 063,- eks mva for normalabonnement.

Tilknytingsavgifta blir uendra kr 20 000,- eks mva for kvar tilknytning.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 040, FE - 231	17/2918

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
139/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017
	Kommunestyret	PS	

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2018 (plan- og bygningslov, matrikkellov, eigarseksjonslov, ureiningslov, jordlov mm)

Vedlegg:

Forslag, Gebyr 2018 plan, byggesak, oppmåling mm

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gjeldande gebyrmal er felles for Nordhordland, sist revidert 2017 som følgje av lovendringar knytt til seksjonering av eigedomar og generelle erfaringar med bruken av malen. Lovendringane knytt til seksjonering av eigedomar inneber at satsane ikkje lenger er knytt til gjeldande rettsgebyr, i staden skal satsane fastsetjast lokalt.

Dei felles erfaringane med bruken av malen tilseier at det er behov for å innføre makspris ved etablering av matrikkeleiningar over ein viss storleik, og å legge inn reglar for innløyising av festetomt til eiga brukseining. Elles er teksten revidert enkelte stader for å gjere det lettare for brukarane å forstå inndelinga.

Betalingssatsane vil variere frå kommune til kommune. Nokon kommunar veljer å drive til sjølvkost, andre veljer å subsidiere saksbehandlinga heilt eller delvis.

Rekneskapen for dei siste åra viser følgjande resultat for byggesak, kart og oppmåling og plan i Meland:

	2014	2015	2016	Budsj 2017	Hittil i 2017
Byggesak	1 476 548,-	1 051 860,-	+109 322,-	244 200,-	417 219,-
Kart og oppmåling	1 859 487,-	1 410 678,-	1 185 437,-	1 545 000,-	1 158 667,-
Plan	1 270 858,-	1 631 957,-	2 195 079,-	2 397 000,-	2 145 072,-

+ framfor talet tyder at tenesta gjekk med overskot

Rekneskapen for **2016** viser følgjande dekningsgrad, dvs i kor stor grad gebyrinntektene dekkjer utgiftene. Andre inntekter, t.d. refusjon sjukepengar, er ikkje rekna med (2015 i parentes):

	Utgifter	Gebyrinntekter	Dekningsgrad
Byggesak	4 017 105,-	4 022 575,-	100 % (71 %)
Kart og oppmåling	2 721 043,-	1 133 258,-	42 % (42 %)
Plan	3 057 963,-	194 850,-	6,4 % (1,1 %)

Det er som vanleg særleg planområdet som ligg lågt på dekningsgrad. Verken kart og oppmåling eller plan kan drivast til full sjølvkost; kommunen pliktar å ta ansvar for (finansiere sjølv) størstedelen av arealplanlegginga, drift av kartverket, adressetildeling, matrikkelføring mv.

Vurdering

Rådmannen har i utgangspunktet lagt til grunn ein generell gebyrauke på 3 %, runda av til næraste 100 kr. I det endelege framlegget til nye satsar er det likevel nokre avvik frå dette prinsippet, m.a. er satsane i Meland samanlikna med satsane i Lindås, Radøy, Osterøy og Vaksdal.

For byggesaksdelen er satsane i hovudsak auka med 3 %, med nokre unntak. Gebyr for ulovlege tiltak er redusert fordi vanlege byggesaksgebyr kjem i tillegg når det ulovlege tiltake blir omsøkt. Deling som krev dispensasjon er redusert fordi dispensasjonsgebyret kjem i tillegg. Seksjoneringsatsane er foreslått på bakgrunn av erfaringane ein har med saksomfanget.

På området kart og oppmåling er det gjort ei omfordeling på enkelte satsar slik at gebyret skal stemme betre med arbeidsmengden.

I framlegg til gebyrregulativ for plansaker er basisgebyret auka med 21 %, frå kr 33 000,- til kr 40 000,- i 2018. Det tilsvarar omtrentleg nivået for Lindås og Osterøy i 2017 (kr 39 000,- og 39 900,-). Inntektene til kommunen vil likevel ikkje auke monaleg. I tillegg er gebyr for retting av plan når forslagsstillar ikkje vil gjere det sjølv, og gebyr for oppstartsmøte, auka. Dette er saker som krev mykje arbeid hjå kommunen. I 2018 vil det vere ein del arbeid med reguleringsplanane som ligg i Nordhordlandspakken. Desse er det ikkje høve til å ta gebyr for. Framdrifta i dei private reguleringsplanane er mykje styrt av framdrifta i områderegeringsplanane, og vil truleg ikkje komme skikkeleg i gang før i 2019. Det vil derfor framleis vere dårleg inndecking av ugiftene i 2018.

Gebysatsane som er knytt til jordlov og konsesjonslov er lovfesta og kan ikkje regulerast gjennom lokal forskrift. Her subsidierer kommunen arbeidet med sakene. Saksbehandling etter hamnelova er delegert til Bergen og Omland Havnevesen.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Ikkje relevant for denne saka

Økonomi: Gebyrregulativet er rekna ut med sikte på at tenestene gradvis skal gå meir i balanse.

Konklusjon

Rådmannen rår til at gebyrregulativet for 2018 blir godkjent i tråd med dei satsane som går fram av vedlegget. Det tilsvarar om lag 3 % generell auke, med nokre endringar som nemnt over. Endringane medfører redusert gebyr på enkelte område, med unntak for plansaker der gebyrnivået aukar.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2018, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.»

Formannskapet - 139/2017

FS - behandling:

FS – samrøystes framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2018, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 150, FE - 145	17/2807

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
122/2017	Formannskapet	PS	15.11.2017
140/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017
	Kommunestyret	PS	

Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

Vedlegg:

Budsjettinnspel og innspel til økonomiplan frå Meland sokneråd
Særutskrift frå soknerådsmøte - fellesrådssaker 09.11.17 - Kyrkje/kulturbygg - innspel til kommunen sitt budsjett/økonomiplan
Gjennomgang av forslag til budsjett 2018, Ungdomsrådet(362664)(1)
Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 - oppdatert 21.11.2017
Status reguleringsplanar - vedlegg til budsjett 2018
Referat frå 2. møte i plankomiteen 16.10.2017 - kyrkje/kulturhus på Frekhaug
Behovsanalyse for kyrkjebygg

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan 2018-2021 med kommentarar er lagt ved saksutgreiinga som vedlegg.

Dokumentet som vart utsendt på E-post 2. november (framlegg per 2. nov 2017) er oppdatert med korreksjonar av tekst og tabellar i kap. 12.1 og 12.2 vedr. tilskot til private barnehagar. Det er ikkje endring i det totale budsjetterte tilskotet til dei private barnehagane, men satsane er korrigert litt basert på oppdaterte statlege satsar for 2018 publisert frå Utdanningsdirektoratet 31. okt. Vidare er gebyrsatsar for korttids plassar i SFO kome med i kap. 18.2.

Økonomiske oversikter for budsjett 2018 er ikkje ferdige. Vi må gjere ei detaljberekning av budsjettgrunnlaget som vi ikkje er ferdige med. Oversiktene vert ettersendt.

Følgjande plan gjeld for den politiske handsaminga av budsjettet og økonomiplanen:

Formannskapet 15. nov:

Handsaming som konkluderer med eventuelle spørsmål til administrasjonen for vidare utgreiing.

Formannskapet 29. nov:

Politisk handsaming av budsjettet, inkl. evt. nye framlegg basert på spørsmål og innspel frå møtet den 15. nov.

Høyring:

Budsjettframlegget frå formannskapet på høyring

Kommunestyremøte 13. des:

Debatt og budsjettvedtak

Framlegg til vedtak:

1. Framlegget til budsjett for 2018 og økonomiplan for 2018-2021 vert lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.

2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2018 i samsvar med tabellane i rådmannen sitt framlegg kap. 9 slik:

- Netto inntekter og finanspostar kr 456 mill.
- Driftsramme tenesteområda kr 454,2 mill.
- Avsetning til disposisjonsfond (overskot) kr 1,8 mill.

3. Kommunestyret godkjenner økonomiplanen med følgjande økonomiske rammer for perioden 2018 – 2021 (alle tal i 2018-prisnivå):

År (tall i mill kr)	2018	2019	2020	2021
Ramme netto inntekter/finans	456	469	474,2	475,3
Utgiftsramme tenesteområda:	454,2	464,3	469,5	470,5
Avsetn. til fond (overskot):	1,8	4,7	4,7	4,8

4. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2018. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2018.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2018. Eigedomsskatten for 2018 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

5. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med maksimalsatsane som vert vedteke i statsbudsjettet for 2018. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2018.

6. Framlegg til brutto investeringar i 2018 er totalt kr 147,2 mill. Av dette kr 67,6 mill. til ordinære driftsmidlar, kr 9,65 mill. til andre kapitalutgifter og kr 69,9 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2018 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar	kr 129,1 mill.
Mva-refusjon	kr 10,9 mill.
Mottak av avdrag på utlån	kr 1,6 mill. (startlån)
Bruk av avsetningar	kr 5,6 mill. (kapitalfond og disposisjonsfond)

7. Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling slik:

- a. Satsar for tenesteyting og matproduksjon innan helse- og sosiale tenester frå og med 01.01.2018 jamfør tabell 1 og 2 i rådmannen sitt budsjettframlegg kap. 18.1.

For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.

- b. Satsar for eigenbetaling i kulturskolen og skulefritidsordninga frå 01.01.2017 jamfør rådmannen sitt budsjettframlegg kap. 18.2
- c. Satsar for kopiering mm. jamfør rådmannen sitt budsjettframlegg kap. 18.3.

Formannskapet - 122/2017

FS - behandling:

Oversikt over gebyrnivået vart delt ut.

Med tilvising til kommuneloven § 31.5 vart møtet lukka under delar av handsaminga.

Framlegg til vedtak:

Saka vert utsett til møte i formannskapet 29.11.17.

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

FS - samrøystes vedtak:

Saka vert utsett til møte i formannskapet 29.11.17.

Formannskapet - 140/2017

FS - behandling:

NYTT FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ RÅDMANNEN:

1.Framlegget til budsjett for 2018 og økonomiplan for 2018-2021 vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.

2.Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2018 i samsvar med tabellane i rådmannen sitt framlegg kap. 9 slik:

- Netto inntekter og finanspostar kr 454,6 mill.
- Driftsramme tenesteområda kr 454,2 mill.
- Avsetning til disposisjonsfond (overskot) kr 0,4 mill.

3.Kommunestyret godkjenner økonomiplanen med følgjande økonomiske rammer for perioden 2018 – 2021 (alle tal i 2018-prisnivå):

År (tall i mill. kr)	2018	2019	2020	2021
Ramme netto inntekter/finans	454,6	467,6	474,2	475,3
Utgiftsramme tenesteområda:	454,2	464,3	469,5	470,5
Avsetn. til fond (overskot):	0,4	3,3	4,7	4,8

4. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2018. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringsseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2018.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2018. Eigedomsskatten for 2018 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

5. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med maksimalsatsane som vert vedteke i statsbudsjettet for 2018. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2018.

6. Framlegg til brutto investeringar i 2018 er totalt kr 147,2 mill. Av dette kr 67,6 mill. til ordinære driftsmidlar, kr 9,65 mill. til andre kapitalutgifter og kr 69,9 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2018 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar	kr 122,9 mill.	
Nye innlån til vidareutlån	kr 7,0 mill.(startlån)	
Mva-refusjon	kr 11,1 mill.	
Mottak av avdrag på utlån	kr 1,6 mill.	(startlån)
Bruk av avsetningar	kr 5,6 mill.	(kapitalfond og disposisjonsfond)

7. Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling slik:

- Satsar for tenesteyting og matproduksjon innan helse- og sosiale tenester frå og med 01.01.2018 jamfør tabell 1 og 2 i rådmannen sitt budsjettframlegg kap. 18.1.
For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.
- Satsar for eigenbetaling i kulturskolen og skulefritidsordninga frå 01.01.2017 jamfør rådmannen sitt budsjettframlegg kap. 18.2
- Satsar for kopiering mm. jamfør rådmannen sitt budsjettframlegg kap. 18.3.

Skriv frå representanter for de private barnehagene i Meland kommune og frå FAU-Grasdalen skule/SU-Grasdalen skule vart delte ut i møtet.

Fellesframlegg frå AP, H, SP, KrF, FrP, V - drift:

Endringar i rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjett for 2018

		Styrking	Bruk
1	Regionsentertilskot	1 400 000	
2	Frikjøp, tillitsvalte	250 000	
3	Avsetjing til disposisjonsfondet		100 000
4	Dagsenteret, sommaropning		90 000
5	«Ung sommarjobb»		60 000
6	Styrking av skulane		1 400 000
		1 650 000	1 650 000

2: Frikjøpet blir dekket av midlar frå fellesnemnda.

3: Avsetjing til disposisjonsfondet blir med dette kr 500 000

5: Rådmannen må fordele dette på skulane, etter behov.

Verbalpunkt

Barnehage

Kommunestyret vil komme tilbake til tilskotet til dei private barnehagane, seinast i samband med revidert budsjett.

Kommunalt anleggsbidrag

Kommunestyret viser til vedtak i sak 40/2017, der det vart vedtatt å gi kommunalt anleggsbidrag til utbygging av fiber, breiband og mobil. Vi ber om at bruk av kommunale midlar blir lagt inn i t.d. søknad om Nkom-midlar. Kommunestyret vil komme tilbake til storleiken på eit slikt bidrag.

Fellesframlegg frå AP, H, SP, KrF, FrP, V - investering:

Endring investeringsbudsjett 2018 -2021

Barnehage: - 20 mill. kroner
Kyrkje/kulturhus: + 20 mill. kroner

Verbalpunkt:

- Det blir lagt til grunn at prosessen med å løyse ut tomte til kyrkje/kulturhus blir intensivert, og at tiltaket blir etablert på avsett areal
- Auken på 20 mill. kr er øymerka bibliotek/kulturlokale.
- Det blir lagt til grunn at namnet på prosjektet blir endra til kultursenter og arbeidskyrkje.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med endring frå AP, H, SP, KrF, FrP, V vart samrøystes vedteke.

FS – samrøystes framlegg til vedtak:

1. Framlegget til budsjett for 2018 og økonomiplan for 2018-2021 vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.
2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2018 i samsvar med tabellane i rådmannen sitt framlegg kap. 9 slik:
 - Netto inntekter og finanspostar kr 454,6 mill.
 - Driftsramme tenesteområda kr 454,2 mill.
 - Avsetning til disposisjonsfond (overskot) kr 0,4 mill.
3. Kommunestyret godkjenner økonomiplanen med følgjande økonomiske rammer for perioden 2018 – 2021 (alle tal i 2018-prisnivå):

År (tall i mill. kr)	2018	2019	2020	2021
Ramme netto inntekter/finans	454,6	467,6	474,2	475,3
Utgiftsramme tenesteområda:	454,2	464,3	469,5	470,5
Avsetn. til fond (overskot):	0,4	3,3	4,7	4,8

4. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skriva ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2018. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringsseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2018.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2018. Eigedomsskatten for 2018 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

5. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med maksimalsatsane som vert vedteke i statsbudsjettet for 2018. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2018.
6. Framlegg til brutto investeringar i 2018 er totalt kr 147,2 mill. Av dette kr 67,6 mill. til ordinære driftsmidlar, kr 9,65 mill. til andre kapitalutgifter og kr 69,9 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2018 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar	kr 122,9 mill.
Nye innlån til vidareutlån	kr 7,0mill. (startlån)
Mva-refusjon	kr 11,1 mill.
Mottak av avdrag på utlån	kr 1,6 mill. (startlån)
Bruk av avsetningar	kr 5,6 mill.(kapitalfond og disposisjonsfond)

Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling slik:

- a. Satsar for tenesteyting og matproduksjon innan helse- og sosiale tenester frå og med 01.01.2018 jamfør tabell 1 og 2 i rådmannen sitt budsjettframlegg kap. 18.1.
For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.
- a. Satsar for eigenbetaling i kulturskolen og skulefritidsordninga frå 01.01.2017 jamfør rådmannen sitt budsjettframlegg kap. 18.2
- b. Satsar for kopiering mm. jamfør rådmannen sitt budsjettframlegg kap. 18.3.

Endringar i rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjett for 2018

		Styrking	Bruk
1	Regionsentertilskot	1 400 000	
2	Frikjøp, tillitsvalte	250 000	
3	Avsetjing til disposisjonsfondet		100 000
4	Dagsenteret, sommaropning		90 000
5	«Ung sommarjobb»		60 000
6	Styrking av skulane		1 400 000
		1 650 000	1 650 000

2: Frikjøpet blir dekkja av midlar frå fellesnemnda.

3: Avsetjing til disposisjonsfondet blir med dette kr 500 000

5: Rådmannen må fordele dette på skulane, etter behov.

Verbalpunkt

Barnehage

Kommunestyret vil komme tilbake til tilskotet til dei private barnehagane, seinast i samband med revidert budsjett.

Kommunalt anleggsbidrag

Kommunestyret viser til vedtak i sak 40/2017, der det vart vedtatt å gi kommunalt anleggsbidrag til utbygging av fiber, breiband og mobil. Vi ber om at bruk av kommunale midlar blir lagt inn i t.d. søknad om Nkom-midlar. Kommunestyret vil komme tilbake til storleiken på eit slikt bidrag.

Endring investeringsbudsjett 2018 -2021

Barnehage: - 20 mill. kroner
Kyrkje/kulturhus: + 20 mill. kroner

Verbalpunkt:

- Det blir lagt til grunn at prosessen med å løyse ut tomte til kyrkje/kulturhus blir intensivert, og at tiltaket blir etablert på avsett areal
- Auken på 20 mill. kr er øyremarka bibliotek/kulturlokale.
- Det blir lagt til grunn at namnet på prosjektet blir endra til kultursenter og arbeidskyrkje.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA - D41, TI - &41	16/1448

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
141/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017

Utviding av Meland kyrkjegard

Vedlegg:

Moglegheitsstudie - Utviding Meland kyrkjegard

Evalueringskjema

Vurdering kostnader alternative plasseringar av gravplass

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kyrkjegard har snart for liten kapasitet, og det er behov for å utvide gravplassen. Det er eit krav i Gravferdslova at kommunen skal ha ledige gravplassar til 3 % av innbyggjarane til ei kvar tid.

I kommuneplanen vart det i 2015 satt av eit nytt areal til gravplass nord for kyrkja. Arealet er relativt flatt og ligg nær kyrkja. Området vart vurdert som godt tilgjengeleg, og ville ikkje gje problem med bratt terreng slik som er tilfelle for eksisterande gravplass.




Nytt areal til gravplass i kommuneplanen sin arealdel 2015 vist i raudt

I budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016-2019 vart det satt av tilsaman 20 mill kr til utviding av gravplassen. Våren 2016 vart Asplan Viak anbodet på utarbeiding av reguleringsplan for området. Det viste seg tidleg at det var behov for å gjere nokre initielle grunnundersøkingar av området før ein formelt sette i gang reguleringsplanarbeidet.

Grunnundersøkingar utført hausten 2016 viste at det var høg grunnvasstand i området. I følge gravferdsforskrifta skal høgaste grunnvasstand ligge minst 0,3 m under kiste eller urne. For å tilfredsstille dette kravet ville det vere behov for å heve terrenget med rundt 1,5 m.

Vurdering

Resultata av grunnundersøkinga gjorde det nødvendig å vurdere lokalisering av gravplassen på ny. Sommaren 2017 vart det utarbeidd ei moglegheitsstudie for å vurdere fire ulike alternativ for utviding av gravplassen. Her vart arealet avsatt i kommuneplanen, arealet avsatt i eksisterande reguleringsplan samt to andre alternativ nær kyrkja vurdert.



Alternativ for utviding av gravplass vurdert i moglegheitsstudia

Moglegheitsstudia har vurdert dei ulike lokaliseringene basert på mange faktorar. Mellom anna: tilkomst, topografi, grunnvatn, proporsjonar, naboskap, tryggleik, mm.

Konklusjonen var at både alternativ B, C og D vil krevje store og kostbare inngrep i landskapet grunna høg grunnvasstand i alle områda. Alternativ A er det einaste alternativet som ikkje har problem med høg grunnvasstand. Derimot er dagens tilkomst problematisk grunna bratt terreng frå kyrkja og opp til gravplassen. Dette kan løysast ved å utbetre tilkomstvegen og etablere ein ny og større parkeringsplass på toppen av tilkomstvegen. Dette vil også gje mykje betre tilkomst til eksisterande gravplass.

Ut i frå ei totalvurdering er det alternativ A som peikar seg ut til å vera den fagleg beste tomte på dei aller fleste punkta. Arealet ligg i eit småkupert område mellom opparbeidd gravplass og lauvskog. Tomta er skogsmark, og ikkje dyrka mark. Driftsmessig er det også svært gunstig å ha ein samla gravplass slik alternativ A legg til rette for. Kostnadane knytt til drift vert mindre med å ha ei større eining enn å dele opp i fleire uavhengige gravplassar. Dette arealet er allereie regulert til gravplass, men det vil vere behov for ei reguleringsendring for å sette av noko meir areal til tilkomst og parkering.

I etterkant av moglegheitsstudia er ny tilkomstveg nærare utgreidd, og det vert tilrådd å utbetre eksisterande veg basert på grovskissa vist under:



Skisse ny tilkomstveg til gravplassen

I tillegg har det blitt gjort vurderingar kring kostnader for dei ulike alternativa, men det er ikkje laga til konkrete kostnadsoverslag grunna for stor usikkerheit. I økonomiplan investering er det, basert på ei heilt initiell grovkalkyle, satt av 20 mill kr til heile prosjektet. I vidare arbeid med eit forprosjekt vil det bli utarbeidd eit konkret kostnadsoverslag, men foreløpig er det gjort nokre generelle vurderingar kring kostnader.

Alternativ B, C og D vil ha tilnærma like kostnader ettersom dei har dei same utfordringane knytt til høg grunnvasstand og behov for tilføring av mykje massar. Alternativ A er gunstigare ettersom overskotsmasse frå opparbeiding av ny veg kan nyttast til omlegging av Bjørnestadvegen. Det er også mykje mindre behov for tilføring av massar. Mykje massetransport er kostnadskrevjande og uheldig med omsyn til miljø og trafikkisikring langs tilkomstvegane. Sjølv om bygging av ny tilkomstveg til gravplassen vil gje meirkostnader, er det vurdert at tilkomstvegen uansett bør byggjast for å sikre universell utforming for eksisterande gravplass.

Prosess

Saka vert lagt fram for Formannskapet for tilråding. Vidare vert saka sendt på høyring til Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Bispedømet og Soknerådet skal også ha saka til vurdering. Tilslutt vert saka sendt til kommunestyret for endeleg avgjerd.

Rådmannen rår til at arealet som i dag er satt av til ny gravplass i arealdelen til kommuneplanen, vert teke ut ved neste rullering av arealdelen dersom alternativ A vert valt.

Konklusjon

Rådmannen rår til at konklusjonane i moglegheitsstudia vert følgt, og at Alternativ A vert valt som lokalisering for utviding av Meland kyrkjegard.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet godkjenner at Alternativ A med oppgradert tilkomstveg vert valt som lokalisering for vidare utviding av Meland kyrkjegard.»

Formannskapet - 141/2017**FS - behandling:****FS - samrøystes vedtak:**

«Formannskapet godkjenner at Alternativ A med oppgradert tilkomstveg vert valt som lokalisering for vidare utviding av Meland kyrkjegard.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild		17/2925

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
142/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017
	Kommunestyret	PS	

Biosfæreprosjektet

Saksopplysningar:

Bakgrunn


Kort om saka

Juni 2013 inngjekk Regionrådet i Nordhordland og Universitetet i Bergen ein samarbeidsavtale om å arbeide for at Region Nordhordland skal bli eit UNESCO Biosfæreområde. Arbeidet starta med ein forprosjektstudie som viste korleis Nordhordland kunne fylle krava som UNESCO set til slike område. Våren 2015 vart alle kommunane samde om å fremme Nordhordland sitt kandidatur til å bli det første UNESCO Biosfæreområdet i Norge. Søknaden vart innvilga av den norske komiteen for programmet «Menneske og Biosfære» (MAB) og tilbakemeldingane vi har fått frå dei og UNESCO sin administrasjon i Paris, er at Nordhordland fyller alle kriteria som er sett til ein slik status. Regionen er ein nytenkande og spennande kandidat med sær mange gode kvalitetar til å vere eit biosfæreområde. Vårt kandidatur har vakt stor interesse og begeistring også internasjonalt innan MAB-programmet. Tidlegare i år vart biosfæreprosjektet presentert i Nordhordlandstinget.

Nordhordland Utviklingselskap IKS har samarbeidd med Universitetet i Bergen (UiB) om biosfæresatsinga. Det vart etablert eit prosjekt og oppnemnt styringsgruppe og arbeidsgruppe. Styringsgruppa har hatt som oppgåve å sikre målstyring, innhald og framdrift i prosjektet, medan arbeidsgruppa har arbeidd med hovudsøknaden, informasjonsarbeid og gjennomført aktivitetar i perioden.

Forprosjektarbeidet er finansiert av kommunane i Nordhordlandsregionen og UiB. Staten ved Den Norske Unescokommisjonen har òg bidrege økonomisk. Det same gjeld det lokale næringslivet i regionen. Prosjekteigar er Regionrådet i Nordhordland som representerer 9 kommunar i Nordhordland.

Nordhordland Biosfæreområde vil omfatte alle kommunane i Region Nordhordland samt Øygarden kommune og mindre delar av kommunane Vaksdal, Voss, Vik og Høyanger. Geografisk vil Nordhordland Biosfæreområde strekkje seg frå Sognefjorden, opp i Stølsheimen, ut fjordane til kysten og deler av havområda utanfor.



Den stipla lina visar det tenkte Biosfæreområdet.

Hovudmålet for biosfæresatsinga er:

«Nordhordland Biosfæreområde skal byggje på det beste frå fortida og legge til rette for ei framtidsetta samfunnsutvikling som sikrar ein berekraftig bruk av alle typar ressursar - til nytte og glede for befolkninga i dag og for komande generasjonar.»

Saksgrunnlag

Innleiing

UNESCO sitt «Mennesket og Biosfæreprogram» (MAB) er no ei nasjonal satsing i Norge og Nordhordland vart i desember 2016 utnemnd som Norge sin første kandidat. Ein slik status gir særlege mogelegheiter for regionen. Det er no eit nasjonalt fokus på satsinga og komiteen har uttala at det er særst viktig at det første kandidaturet Norge fremjer til UNESCO vert vellukka.

Men det viktigaste er sjølvst kva satsinga vil bety for Nordhordland i framtida. Kort fortalt skal eit biosfæreområde vere eit godt døme for berekraftig utvikling. Det er lagt rammer for kva eit biosfæreområde skal innehalde, men vi står relativt fritt til å forme strategien for biosfæreområdet i Nordhordland. Grunntanken i UNESCO er at MAB-programmet skal bygge eit internasjonalt nettverk av regionar som ønskjer ei meir berekraftig samfunnsutvikling. Dette inneber nye og betre måtar å nytte ressursane på.

Etter handsaming i kommunane går søknaden frå Nordhordland vidare til den norske MAB-komiteen og til nasjonale myndigheiter v/ Klima og Miljødepartementet. Regjeringa sender inn søknaden frå Norge til UNESCO i september 2018, og Nordhordland vert utpeikt som eit UNESCO Biosfæreområde våren 2019.

I saksutgreiinga finn du informasjon om

- Pliktar
- Moglegheiter
- Organisering av biosfæreområdet
- Økonomiske konsekvensar av satsinga (2019-2021)

Saksutgreiinga er felles for kommunane men inneheld også spesifikk informasjon som gjeld den enkelte kommune. Framlegg til vedtak er likelydande.

Pliktar

Kva er det området forpliktar seg til ved denne satsinga? Først og fremst handlar dette om at området skal leggje til rette for ei samfunnsutvikling som sikrar berekraftig bruk av ressursane våre. Vi skal sørge for at dei kommande generasjonar vil synes det er like godt å bu i Nordhordland som det vi gjer i dag. Det vil vere FN's 17 berekraftsmål som er grunnlaget for arbeidet vi skal gjere.

Det er viktig å påpeike at status som UNESCO biosfæreområde **ikkje fører til restriksjonar i bruk eller utnytting av ressursane i regionen. Der er ingen nye lovar og reglar som trer i kraft.** Men det ligg ei plikt til å arbeide for ei berekraftig utvikling og bidra til at Region Nordhordland står fram som eit eksempel på berekraft i alle deler av samfunnet.

Forprosjektsøknaden som vart handsama i kommunestyra hausten 2014 tok for seg kriterielista til UNESCO og viste korleis området stetter krava på ein framifrå måte;

- *Eit levande samfunn med ei befolkning som bur og driv med ulike typar ressursutnytting / næringsverksemd. Området må verte stort nok til å ivareta, støtte og utvikle området.*
Med ei befolkning på om lag 53 000 , med levande lokalsamfunn og med eit godt næringsgrunnlag, er dette kravet stetta.
- *Området skal ha landskap og/eller sjøområde med høge natur- og kulturverdiar og verdifulle ressursar.*
Vårt område strekker seg med korte avstander frå hav til fjell med ein sterk klimagradiant som er sjeldan i verdssamanheng. Vår kulturarv er sterk og kulturlivet blomstrar i lokalsamfunna.
- *Området skal vere relevant for å utforske og demonstrere ulike problemstillingar knytt til berekraftig utvikling.*
Vi har eit tett samarbeid med Universitetet i Bergen (UiB) for forskning i området. UiB har fått tildelt UNESCO Chairs for forskning innan MAB-programmet.
- *Biosfæreområdet skal ha ei organisering og drift som er inkluderande.*
Før Region Nordhordland vert utnemnd til biosfæreområde skal vi utarbeide ein strategi for arbeidet. Det vert lagt opp til ein inkluderande prosess. Strategien legg føringar for tenleg organisering og drift.

I tillegg er det krav til at området skal innehalde verneområde. Innanfor biosfæreområde er det 42 verna område. Fire av desse er tatt ut til å representere kjerneområda i biosfæreområdet. Dette er Stølsheimen, den nasjonale Laksefjorden v/ Osterøy, Loneelvi og Lurefjorden. Det er også eit krav at kvar av kjerneområda skal ha ei buffersone rundt seg. Buffersonene baserer seg på forskrifter som gjeld i området – og representerar ikkje noko restriksjonar utover eksisterande forskrifter.

I Meland kommune er det ingen kjerneområde. Fjordane rundt kommunen, Osterfjorden, Radfjorden og Herdlefjorden, fungerer som buffersone til den nasjonale laksefjorden som er utpeikt som kjerneområde. I buffersona for den nasjonale laksefjorden er målsettinga å sikre smolten sin vandringsveg frå kjernesona og ut til ope hav. Buffersonen er basert på Mattilsynet sin gjeldande

forskrift på at fiskeoppdrettsanlegga langs svømmeruta er forplikta til å sikre lav luspopulasjon i den perioden smolten passerar.

Fjordane rundt Osterøy vart etablert som nasjonale laksefjord ved St. prp. nr. 32 (2006-2007): «Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevasdrag og laksefjorder».

I dei mange vassdraga finst fleire lokale stammer av sjøaure og laks. Vossolaks-stammen er internasjonalt kjend som den største laksen i Atlanterhavet. Etter sterk nedgang i talet på Vossolaks er det no sett i kraft ei rekke tiltak for å reetablere bestanden. Buffersona vert forankra i det langvarige samarbeidet som er formalisert gjennom tiltaksutvalet i «Redningsaksjonen for Vossolaksen». Her er representantar frå forvaltning, næringsinteresser, forskning og lokale kreftar inkludert i utvalet og i arbeidet med å redde Vossolaksen. I denne samanhengen vert særskild samarbeidet med BKK og dei ulike oppdrettsanlegga om tiltak for ei vellukka redningsaksjon, vektlagt.

Dette kjerneområde med tilhøyrande buffersone er del av ein heilskapleg strategi, med bidrag frå næringslivet og forskning, som gjev laksestammene ein særskild trygging på både gyte- og oppvekstområda i elvane, og i vandringsområda i fjordane.



Det mørkeblå feltet er den nasjonale laksefjorden som er ei kjernesone i biosfæreområdet. Det blågrøne feltet viser buffersona.

Moglegheiter

Kvifor skal Nordhordland vere eit UNESCO Biosfæreområde – kva nytte kan vi ha av det – kva moglegheiter gjev det oss?

Styringsgruppa har satt opp ti punkt som visar at området vil vere tent med å få denne statusen.

1. **Statusen vil gje oss ein 'motor' for gjennomføring av FNs berekrafts mål i regionen.**
Biosfæreprosjektet kan bli et viktig verktøy for gjennomføring av FNs berekrafts- mål i Nordhordlandsregionen og vil ta ei særleg rolle for informasjon til og utvikling av aktivitetar for born og unge. Ut frå Stortingsmelding nr. 29 (Perspektivmeldingen 2017) har regjeringa bestemt at berekraftsmåla skal vere styrande for verksemda i Norge.
2. **Fokus på ei heilskapleg samfunnsutvikling der vi i større grad sikrar biologisk mangfald, berekraftig bruk av naturressursane og fremjar lokal kultur.**

3. **Gjennom å vere eit biosfæreområde skal vi gjere innbyggjarane meir bevisste, deltakande og engasjerte - slik at dei i større grad tek ansvar for og kontroll over eiga utvikling.**
Biosfæreprosjektet vil trekke flest mogleg med i arbeid og aktivitet gjennom informasjon, kontaktskapande verksemd og samarbeidsprosjekt.
4. **Satsinga gjev oss eit naturleg høve til å auke lokal matproduksjon ved å nytte naturressursane på land og i sjø på ein meir berekraftig måte.**
Biosfæreprosjektet ønskjer å auke graden av lokal matproduksjon både fordi dette gjev tilgang til matvarer med høg kvalitet og fordi ei slik utnytting bidreg til større bevisstheit om eigne ressursar og eigen identitet.
5. **Som eit biosfæreområde er det naturleg å vidareutvikle lokale strategiar og engasjement for å redusere menneskeskapte klimaendringar.**
Vi ser i dag følgjene av klimaendringane gjennom meir ekstremvêr på Vestlandet. Vi set fokus på behovet for informasjon og lokale tiltak for eit breitt samarbeid med både med grasrota og store næringslivsaktørar.
6. **Ei slik satsing skal bidra til auka innovasjon og grønn næringsutvikling.**
Dei store oljeressursane utanfor kysten har skapt mange arbeidsplassar og stor verdiskaping i Nordhordland. På sikt er det venta ein nedgang i denne aktiviteten og det er trong for nytenking og omstilling. Gjennom biosfæresatsinga får vi tilgang til fleire verktøy i arbeidet med å fremje endring til eit grønnare næringsliv.
7. **Nordhordland Biosfæreområde skal bidra til å utvikle berekraftig turisme i regionen.**
Frå andre biosfæreområde rundt om i verda ser vi at dei har klart å byggje opp ei sterk reiselivssatsing. Nordhordland har eit stort potensiale for utvikling av reiselivet – knytt til aktivitetar både langs kysten og i fjellet.
8. **Biosfærestatusen gjev grunnlag for merkevare- og identitetsbyggande arbeid.**
Nordhordland er ein solid industriregion med lange tradisjonar og ein sterk lokal kultur. Likevel har det vore vanskeleg å byggje opp ein tydeleg merkevare knytt til regionen sin identitet. Biosfærestatusen kan nyttast til å tydeleggjere området og sette regionen vår på kartet.
9. **Området får eit tettare samarbeid mellom samfunnet og forskings- og utdanningsinstitusjonar for å sikre at utviklinga vert basert på kunnskap.**
Biosfæresatsinga i Nordhordland er eit samarbeid mellom kommunane og Universitetet i Bergen. Den vidare utviklinga forutset at dette samarbeidet vart oppretthalde og utvikla vidare til å omfatte også andre lokale, nasjonale og internasjonale universitet og forskingsinstitusjonar. Biosfærestatusen skal bidra til ei kompetanseoppbygging som svarar til regionen sine utfordringar og behov.
10. **Gjennom Nordhordland Biosfæreområde skal regionen kunne utvikle og nytte eit verdsomspennande internasjonalt nettverk og arbeide aktivt for at erfaringane vi gjer lokalt skal delast med andre tilsvarande regionar nasjonalt og internasjonalt**
Det er nær 700 biosfæreområder verda over og det går føre seg ei omfattande kunnskapsutveksling mellom desse – på alle nivå i samfunnet. Vi får tilgang til eit internasjonalt nettverk både direkte gjennom MAB-programmet og indirekte gjennom samarbeid med forskings- og utdanningsinstitusjonane.

Organisering

I løpet av 2018 må vi leggje til rette for eit breitt arbeid for å konkretisere måla og utvikle aktivitetar som skal knytast til biosfærestatusen. Her må kommunane, næringslivet, lag/organisasjonar og andre aktuelle samfunnsbyggjarar ta del i arbeidet og sikre eit solid resultat som gjev grunnlag for arbeidet i dei første åra etter at biosfærestatusen er på plass. Framtidig organisering av biosfæresatsinga heng saman med dei arbeidsoppgåvene som biosfæreområdet skal ha og endeleg organisasjonsstruktur skal utarbeidast i den planlagde strategiprosessen.

Til no har biosfæreprosjektet bygd på ein samarbeidsavtale frå 2013 mellom Regionrådet i Nordhordland og Universitetet i Bergen om utvikling av søknad om biosfærestatus og om eit framtidig forskingssamarbeid innan biosfæreområdet. Alle kommunane som er knytt til Regionrådet i Nordhordland har tatt del i satsinga. Dette er kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. I tillegg til desse, er også Øygarden og delar av kommunane Vaksdal, Voss, Vik og Høyanger del av prosjektet.

Praktisk har organiseringa vore slik:

- Kommunane i Nordhordland har vore overordna eigarar av biosfæreprosjektet og Regionrådet i Nordhordland er har vore prosjekteigar.
- Administrasjonen til Regionrådet i Nordhordland, Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) har prosjektansvaret i søknadsperioden. NUI har sett ned ei arbeidsgruppe for prosjektarbeidet. Denne har eigen administrasjon og fagleg representant frå UiB. I tillegg ekstern konsulent.
- Ei styringsgruppe for prosjektet har fungert sidan 2013. Den har vore sett saman av ordførarar (3), og representantar frå Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Universitetet i Bergen, næringslivet og lag / organisasjonar.

Den endelege forvaltnings og organisasjonsstrukturen vil som nemnd bli bestemt i samband med utvikling av strategi for biosfæreområdet. Dette vil skje i løpet av 2018 og 2019.

Styringsgruppa for biosfæreprosjektet har peika på følgjande punkt som viktige for organisering av biosfæreområdet:

- Organiseringa av Nordhordland Biosfæreområde må sjåast i direkte samband med dei oppgåver og den funksjon biosfæreområdet skal ha. Før endeleg organisasjonsform vert bestemt, skal føremål og vedtekter for organisasjonen på plass.
- Organisasjonsmodellen må ikkje låse oss til ein organisasjonsform som vi ikkje er tent med over tid. Den bør vere dynamisk slik at den kan tilpassast ulike framtidige scenario.
- Det er viktig med stor openheit og at alle (særleg lag og organisasjonar) vert inkludert i styring av biosfæreområdet.

Økonomiske konsekvensar – Budsjett frå 2019 - 2021

Budsjettframlegget må sjåast i samanheng med dei arbeidsoppgåver som vert lagt til biosfæreprosjektet slik det er skissert under dei 10 punkta ovanfor. Dette vil bli tydelegare når den endelege strategien for biosfæreprosjektet er på plass, når det er bestemt kva aktivitetar som skal leggest til satsinga og ein har valt ei høveleg organisasjonsform.

I budsjettet er det lagt opp til tre årsverk i biosfæreprosjektet. Det er også lagt inn kostnader til informasjonsarbeid og møteverksemd. Ein viktig del av arbeidet er å vere med å ta initiativ til, eller bidra til, tenlege prosjekt for biosfæresatsinga. Prosjekt som vert sett i gong i tilknytning til biosfæreområdet, må finne si eige finansiering utanom budsjettet.

I fordelinga mellom kommunane (dei kommunane som er innan biosfæreområdet med heile kommunen) legg vi til grunn slik fordelinga har vore; 50% er ein fast grunnsum og 50% er delt etter folketal. Fordelinga må vurderast til budsjettet i 2020 – etter kommunesamanslåinga.

Kostnader		
Prosjektadministrasjon (3 årsverk)		2 350 000
Arbeid frå styringsgruppa / kommunane		250 000
Ekstern ekspertise		100 000
Møter / seminarer		150 000
Informasjonsarbeid		100 000
Reiser		100 000
Diverse		50 000
Totale kostnader		3 100 000
Inntekter		
Kommunane i biosfæreområdet		600 000
Eigeninnsats, styringsgruppa, kommunane		250 000
Universitetet i Bergen		300 000
Hordaland Fylkeskommune		200 000
KMD / statleg programfinansiering		1 500 000
Næringsliv / Sponsorar		250 000
Totale inntekter		3 100 000

Framlegg til vedtak:

Meland kommune kommune støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg, i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, å finansiere sin rettmessige del for første fasen av biosfæreområdet si verksemd - innanfor den ramma som er sett i budsjettet for perioden 2019 – 2021.

Formannskapet - 142/2017

FS - behandling:

FS – samrøystes framlegg til vedtak:

Meland kommune kommune støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg, i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, å finansiere sin rettmessige del for første fasen av biosfæreområdet si verksemd - innanfor den ramma som er sett i budsjettet for perioden 2019 – 2021.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FA - L12	17/2872

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
143/2017	Formannskapet	PS	29.11.2017

Oppstart av områderegulering med planprogram for Langelandskogen og Lonena

Vedlegg:

Langelandskogen_Planprogram_2017-11-17- Høyringsdokument

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I kommuneplanen sin arealdel er det lagt ut eit større sentrumsnært areal i Langelandskogen. Dette området har eit områdeplankrav. Kommunen har fått utført ei mulighetsstudie i området. Den drøfter utviklinga av Langelandskogen, korleis vi kan legge til rette for ei god utvikling av Frekhaug som senter, og rollefordelinga mellom Frekhaug - Langelandskogen - Fossesjøen. Mulighetsstudien har vore presentert for formannskapet i møte 29.03.17. I FS -73/2017 vedtok formannskapet at tilrådingane i mulighetsstudien vert lagt til grunn for arbeidet med områdereguleringsplan.

Vurdering

Meland kommune har fått utarbeida planprogram for arbeidet med områdereguleringen og vil varsle oppstart på planarbeidet. Planprogrammet skal synleggjera føremålet med planarbeidet, visa kva plantema, problemstillingar og utgreiingar planarbeidet skal ha fokus på. Det skal og omtale korleis planprosessen med m.a. medverknad er tenkt lagt opp. Planen utløyser konsekvensutgreiingsplikt etter plan- og bygningslova §4-1 og §4-2 og etter vedlegg i forskrift om konsekvensutgreiingar. Planprogrammet skal gje ei oversikt over kva tema som skal konsekvensutgreiast og gje grunnlag for å kunna koma med innspel og kommentarar tidleg i planprosessen.



Planområdet

Målet med reguleringsarbeidet er å utforme eit rammeverk for å utvikle Langelandskogen som eit supplement og vidareutvikling av Frekhaug sentrum. I planen skal ein lokalisere ny ungdomsskule og vurdere symjehall i tilknytning til denne, forsamlingslokale/kyrkje, kommunal barnehage, bustader særskilt tilrettelagt for heildøgntenester skal og vurderast. Vi skal legge til rette for gode gang og sykkelveggar, infrastruktur i området, grøstruktur, bustader, næring/kontorbygg og samtidig skal vi ivareta friluftssinteresser i området.

Områderegulering er ein planform som vert nytta for å leggje til rette og leggje rammer for vidare planlegging, utvikling og bygging. Områderegulering er i utgangspunktet ei kommunal oppgåve, men kommunen kan med heimel i plan og bygningsloven §12, 2. ledd overlate til private å utarbeide planen, innanfor dei rammer kommunen set og der dei private tek kostnadene med planarbeidet. Tettstadsperspektivet og dei offentlege funksjonane gjer at kommunen ynskjer å vere ein aktiv part i planarbeidet. Formannskapet har vedteke at områdeplanen skal vere eit privat-offentleg samarbeid mellom Meland kommune og Vest-Land eigedom AS.

Mål med planarbeidet

Områdeplanen skal legge til rette for utvikling av Langelandskogen og ein del av sentrumsområdet i Frekhaug nord, Lonena. Planen skal fremme berekraftig tettstadsutvikling med bustader, næring, service- og tenesteytande offentlege funksjonar og grønt struktur.

Delmål

Områdeplanen skal legge til rette for fylgjande byggeformål:

- Ungdomskule/ symjehall
- Barnehage
- Omsorgsbustader
- Bustadar

- Næring/kontor
- Kyrkje/kulturhus

-Gode gang- og sykkelstrukturar skal prioriterast.

-Bustadstruktur og infrastruktur skal gje best mogleg vilkår for folkehelse.

-Bustadfelt skal ha gode møteplassar og aktivitetsfremjande uterom.

-Det skal sikrast gode bumiljø for innbyggjarar i alle livsfasar. Planen skal ha differensiert bustadtilbod med omsyn til storleik, pris og eigedomstilhøve.

-Grøntstrukturen skal fremje aktivitet og gje friluftskvalitetar til allmenn nytte og glede Ålment
tilgjengelege stader skal ha kvalitet og gje tryggleik slik at folk kan møtast og trivast.

Medverknad

Langelandskogen og Lonena er ein del av Frekhaug sentrum som skal bli eit attraktivt lokalsenter i Alver kommune, vidare utviklinga av området er viktig for den samla arealbruken og tettstadsutviklinga i kommunen. Dette vil vere eit område der innbyggjarane har stor interesse av korleis det blir utvikla. Det er og ei rekkje offentlege funksjoner som skal planleggast her, mellom anna ungdomsskule. Vi vil i planprosessen ha eit særleg fokus på å involvere innbyggjarane, særleg knytt opp mot barn og unge sine oppvekstvilkår. Det vert utarbeida ein eigen medverknadstrategi for dette arbeidet.

Den formelle saksgangen sikrar og medverknad gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn

Organisering

Det er Multiconsult Norge AS som vil stå for den praktiske utarbeidinga av framlegg til områdeplan under leiing av Meland kommune og Vest-Land eigedom AS.

Formannskapet er politisk styringsgruppe for planarbeidet. Det vert opne møter og kontordagar der planarbeidet er tema.

Konklusjon

Planarbeidet vert utarbeidd med grunnlag i føringane lagt i planprogrammet og det vert varsla formell oppstart med høyring på 6 veker. Formannskapet er politisk styringsgruppe for arbeidet.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Meland varslar oppstart av planarbeid for områderegulering på Langelandskogen og Lonena med framlegg til planavgrensing som vist i saksutgreiinga. Framlegg til planprogram vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i minimum seks veker med heimel i plan- og bygningslova (PBL) §§ 12-8 og 12-9.

Formannskapet - 143/2017

FS - behandling:

FS - samrøystes vedtak:

Formannskapet i Meland varslar oppstart av planarbeid for områderegulering på Langelandskogen og Lonena med framlegg til planavgrensing som vist i saksutgreiinga. Framlegg til planprogram vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i minimum seks veker med heimel i plan- og bygningslova (PBL) §§ 12-8 og 12-9.